



Time kommune

PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL OG AREALDEL 2026-2037

Forslag 11.04.2025



Innhald

Forord	2
Kva er et planprogram?	3
Kva er kommuneplanens samfunnsdel?	3
Kva er kommuneplanens arealdel?	3
Formål med planprogram, og innhald	4
Rammer (og lovhjemmel) for planarbeidet.....	5
Målsetning med kommuneplanarbeidet	6
Tema og utfordringar i kommuneplanen	7
FN sine bærekraftsmål	7
Næringsutvikling	7
Bustad og befolkning	8
Kommunale arealbehov	8
Jordvern	8
Klima og miljø.....	9
Kulturmiljøplanen	10
Folkehelse	10
Kartlegging- og utgreiingstema	11
Nasjonale føringar og forventningar	12
Relevante regionale planer og føringer	14

Medverking	15
Framdrift og fristar	17

Forord

Ved behandling av planstrategien for perioden 2023-2027 den 10.12.2024 (KS-sak 096/24) vedtok kommunestyret at kommuneplanen skal reviderast. Siste revisjon av arealdelen ble vedtatt 15.06.2021 og siste reviderte samfunnsdelen ble vedtatt 20.09.2022.

Denne revisjonen vert vurdert til å kunna vera mindre omfattande sidan samfunnsdelen og fleire andre relevante planar nyleg er reviderte og vedtatt. Arealet til dei ulike utbyggingsformåla som vart lagt inn i førre plan, er og i hovudsak vurderte til å dekkja venta utbyggingsbehov til bustad og næringsformål til i alle fall år 2050. Etter framdriftsplanen skal fysste utkast av planen vera klar til offentleg ettersyn i løpet av første kvartal 2026, med sluttbehandling i kommunestyret innan utgangen av 2026. Formannskapet vedtok den 05.02.2025, i FS-sak 009/25 at formannskapet skal fungere som styringsgruppe for arbeidet med revisjon av kommuneplanen

Andreas Vollsund

Ordførar

Trygve Apeland

Kommunedirektør





Kva er et planprogram?

Hovudføremålet med eit planprogram er å definere kva kommunen skal ta opp og prioritere i denne revisjonen av kommuneplanen. Det seier også noko om korleis innbyggjarar og andre interessentar kan delta i planarbeidet

Kva er kommuneplanens samfunnsdel?

Kommuneplanen, med arealdel og samfunnsdel, er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen.

Samfunnsdelen tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen i sin heilskap, og kommunen som organisasjon over ein tolv-årsperiode. Samfunnsdelen sine to hovudperspektiv er kommunen som samfunnsutviklar og kommunen som tenesteleverandør.

Samfunnsdelen er utgangspunkt for mål og tiltak i andre kommunale planar. Prioriteringar og satsingsområde i samfunnsdelen skal leggje føringar for mål og tiltak i den fireårige økonomiplanen til kommunen.

Kva er kommuneplanens arealdel?

Arealdelen omset måla i samfunnsdelen til arealpolitiske verkemiddel og fastset rammer for langsiktig arealutvikling i kommunen. Arealdelen fastset kommunens mål ved konkrete kartfesta areal og føresegner.



Formål med planprogram, og innhald

Formålet med planprogrammet for revisjon av kommuneplanen, både arealdel og samfunnsdel (heretter kommuneplanen) er å skape eit føreseieleg planverk for kommunens innbyggjarar som fokuserer på kommunens langsiktige overordna utvikling.

Kort fortalt skal planprogrammet avklare følgjande:

- Definere dei temaene som skal varte revidert i kommuneplanens samfunns- og arealdel.
- Behov for kartleggingar og utgreiingar.
- Planprosess med fristar.
- Opplegg for deltaking og medverknad.
- Nasjonale føringar for planarbeidet.
- Regionale føringar for planarbeidet.
- Kommunale føringar for planarbeidet.





Plan- og bygningsloven § 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Plan- og bygningsloven § 11-5. Kommuneplanens areadel

The diagram illustrates the planning process in a municipality, showing the flow from Planstrategi down to various plans and reports, and back up through annual budgeting.

Planstrategi
Samfunnsutvikling
Planbehov
Fireårig rullering


Kommuneplan Samfunnsdel
Langsiktige utfordringer, mål og strategier for samfunnet og kommunen som organisasjon

Kommuneplan Arealdel
- Arealdisponering
- Ny arealbruk
- Føresegner og retningslinjer

Kommunedelplan **Område-/ detaljplanar** **Strategiar/ temaplanar**

Årleg rullering
Økonomiplan med kommuneplanen sin handlingsdel
Årsbudsjett
Årsrapport

The diagram shows a top-down planning process. At the top is the **Planstrategi** (Plan Strategy), which includes **Samfunnsutvikling** (Community Development) and **Planbehov** (Planning Needs), and is updated through **Fireårig rullering** (Four-year rolling update). This strategy informs the **Kommuneplan** (Municipal Plan), which is divided into the **Samfunnsdel** (Community Development) and the **Arealdel** (Land Use). The **Samfunnsdel** focuses on long-term challenges, goals, and strategies for the community and municipality as an organization. The **Arealdel** focuses on land use planning, including land allocation, new land use, and guidelines. The **Kommuneplan** is supported by **Kommunedelplan** (Municipal Sub-plan), **Område-/ detaljplanar** (Area/ Detailed Plans), and **Strategiar/ temaplanar** (Strategies/ Theme Plans). The **Kommuneplan** and its sub-plans inform the **Årleg rullering** (Annual Rolling Update), which includes the **Økonomiplan med kommuneplanen sin handlingsdel** (Economic Plan with the community plan's action plan), the **Årsbudsjett** (Annual Budget), and the **Årsrapport** (Annual Report). The **Årleg rullering** process feeds back into the **Planstrategi**.



Målsetning med kommuneplanarbeidet

- Oppdatera kommunen sin areal- og fortettingsstrategi. Herunder kartlegging potensial for fortetting, behovsvurderingar, hushaldering av utbyggingsareal med meir. Eigna areal til biogassanlegg vurderast særskilt. Omsynet til dømes jordvern og naturmangfald er spesielt viktig i dette arbeidet.
- Vurdera om, og i så fall kva kommunale eigedomar kommunen kan omdisponera til bustadformål, for så å kunna selja.
- Utarbeida overordna føringar for næringsområda på Håland og på Re/Svertingstad, og undersøkje moglegheita for handel av større varer.
- Planvask og rydding i arealformål som vurderast å ikkje vera relevante lenger. Dette gjeld til dømes areal sett av til «forsvar» og mindre områder sett av til «råstoff».
- Vurdering av nye og oppdaterte nasjonale føringar.
- Endringar av uklarheiter og tvimeiningar i føresegner i gjeldande plan.
- Opna opp for endring av formål til område allereie sett av til utbygging.
- Gjennomgang av dispensasjonar frå plankrav som er gitt, og vurderer om desse bør verta innarbeidd i kommuneplanen.



Tema og utfordringar i kommuneplanen

Ved revidering av kommuneplanen vil ei lang rekkje tema vere relevante å sjå på. Nokre av desse vert oppsummerte i dette kapittelet, og vil vidare utdjupast i planprosessen.



FN sine bærekraftsmål

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 bærekraftsmål, som Noreg slutta seg til i Parisavtalen, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Difor

er bærekraftmåla det viktigaste grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Desse 17 utviklingsmåla skal fremja sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft, og skal mellom anna sikra sosial rettferd, god helse, stansa tap av naturmangfald og forhindre klimaendringar. Måla er vegvisaren mot ei bærekraftig utvikling på kort og lang sikt. Skal verda klara å møta alle utfordringane me står over for, krev det handling på individuelt og lokalt nivå. Målet er å skapa nye verdiar på nye måtar, meir og betre velferd og å utvikla bærekraftige lokalsamfunn. Difor legg bærekraftsmåla føringane for samfunns- og arealplanlegging i Time kommune.

Næringsutvikling

Gjeldande kommuneplan sin arealdel har nokre areal avsett til næring, men kvalitet, attraktivitet og moglegheiter varierer frå område til område. Før det kan verta arbeidd vidare med regulering av nytt næringsareal på Re/Svertingstad, må fortettingspotensialet på Håland og allereie etablerte alternativ verta avklart. Ved sist revidering har det vore eit spesielt fokus på nye område som er sett av til kraftkrevjande verksemd, inkludert verksemdar som høyrer til. Dei aller fleste næringsområda har regional verdi, noko som også gjeld større areal til masseuttak og massedeponi i kommunen, særleg på Kalberg.



Bustad og befolkning

Kommuneplanen sin arealdel har tilstrekkeleg areal for bustadbygging i perioden, både i Bryne og i tettstadane Kvernaland, Lye og Undheim. Ved førre revisjon av kommuneplanen sin arealdel var det eit særleg fokus på Lye. Dersom Lye skulle fortsette å være ein attraktiv tettstad, var det viktig å legge til rette for nytt areal for bustader som samtidig sikrar eit kompakt og funksjonelt senter som står seg over tid. Derfor vedtok kommunen å leggje til rette for utbygging langs fv. 506. Dette er gjort for å styrkje sentrum og gjere Lye meir kompakt, samt for at Lyefjell skal kunne vere ein viktig tettstad når areala rundt Bryne og Kvernaland ein gong i framtida er bygde ut.

I denne revisjonen av arealdelen er det truleg ikkje behov for nye areal til bustad, men fortettingspotensial, hushaldering gjennom rekkjefølgjekrav er aktuelle tema å sjå på. Både kor stort potensialet for fortetting er, samt korleis kommunen best kan leggje til rette for at dette potensialet vert tatt i bruk, vil vere viktig å sjå på i dei kommande åra.

Kommunale arealbehov

Kommunen har få eigedomar avsett i kommuneplanen til offentleg tenesteyting som ikkje alt er bygde ut eller i privat eige. Det vert for tida planlagt utviding av omsorgssenteret på Kvernaland. Det er likevel behov for å setje av ytterlegare areal til

fleire omsorgsbustader, då behovet er venta å auke i planperioden. Private aktørar i regionen arbeider med differensierte bustadformer og leilegheitsbygg med service- og fellesfunksjonar som kan vere med å leggje til rette for at eldre kan bu i eigen bustad lengst mogleg. Dette kan også vere eit tilbod som kan vere aktuelt i Time.

Det er også eit vedteke mål at Time kommune skal vurdere å selje eigedomar som kommunen ikkje sjølv har bruk for, jf. KS-sak 100/24. I denne saka vart det peikt på at arealformålet for mange av desse eigedomane vil måtte verte endra før dei eventuelt kan seljast. Dette inneber at dette må vurderast i arbeidet med kommuneplanrevisjonen.

Jordvern

[I Time kommune sin Landbruksplan 2016-2026](#), vart det slått fast at kommunen er ein av landet sitt største landbrukskommunar produksjonsmessig, med ei landbruksnæring som investerer og satsar på framtida innan matproduksjon. Jordbruksareala på Jæren er blant dei beste i landet. Landbruksnæringa har vore og er utgangspunktet for eit framtidsretta teknologimiljø på Jæren. Kommunen ønskjer eit livskraftig og framtidsretta landbruk. Jæren har naturgitte og særskilde gode forhold for effektiv storproduksjon for å sikra matforsyning ikkje berre lokalt og regionalt, men også nasjonalt.



Time kommune er en kommune preget av landbruk, med store dyrka areal. Langsiktig grense for landbruk bør derfor ligga fast. Det er eit nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal være nådd innan 2030. Målet ble fastsett ved Stortingets behandling av oppdatert nasjonal jordvernstrategi i juni 2023. Kommunens eige mål er på maksimum 45 dekar per år fram til 2050. Dette målet er noko høgt, men er sett til å reflektere mellom anna areala til kraftkrevjande industri på Kalberg og planane om dobbeltspor for Jærbanen. Dette må tas omsyn til i revidering av kommuneplanen.



Klima og miljø

[Klima- og miljøplan 2023-2033](#) beskriv korleis Time kommune arbeidar med å redusere klimagassutslepp i kommunen. Time kommune har politisk vedtak om ein 55 % reduksjon av klimagassutslepp, utan biologiske utslepp frå jordbruk, innan 2030 samanlikna med 2015. Landbruk og transport er dei to største kjeldene til klimagassutslepp i Time kommune. Time kommune arbeidar med å redusere klimautsleppa i landbruket saman med næringa, sjølv om dei biologiske utsleppa er tatt ut av kommunen sin klimamål. For å redusere utslepp frå transport, arbeidar Time kommune med mellom anna eit fokus på å auka sykkelbruken.

Det er berekna at potensialet frå biogass i regionen er 60-100 GWh, det tilsvarar straumbruken til opp mot 4000 einebustader. I Time kommune er det god tilgang til husdyrgjødsel som kan nyttast i biogassproduksjon. Denne biogassen har god klimaeffekt, men potensiale for energi vil ikkje fullt kunna erstatta regionalt bruk av naturgass. Interessen for biogass har økt betydeleg i de siste årene, blant anna grunna nye nasjonale reglar for gjødselspreiing som etter plana vil implementerast i 2027. Areal til biogassanlegg bør innarbeidast i arbeidet med revidering av kommuneplanen.



**Kommuneplan Time kommune
2018-2030
Arealdelen**

Vedtatt av Time kommunestyre 15.06.2021

Kulturmiljøplanen

[Kulturminneplan Time kommune 2008-2019](#) er av eldre dato. Ein ny kulturmiljøplan er under utarbeiding. Ein har mål om at denne skal vera ferdig utarbeid og behandla i løpet av 2025.

Når kulturmiljøplanen er vedtatt, skal den innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel, kor føresegner vil verta kvalitetssikra, samt at det vil bli satt nye omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Folkehelse

Time kommune har også jobba med å kartleggje og betre forholda for gåande og syklande. Kommunen har utarbeidd ein eigen [sykkelplan](#), der det vert sett klare mål om 50 % auke i sykkelbruk og at det skal vere 100 ladepunkt for bysyklar i kommunen innan 2030. Planen legg også klare tilrådingar for eit hovudsykkelnett som bør takast omsyn til i planlegginga.



Kartlegging- og utgreiingstema

Basert på måla som ønskes oppnådd med revideringa, ikkje minst oppdatering av kommunen sin areal- og fortettingsstrategi, vurderer kommunen at følgjande tema er spesielt viktige å kartleggje og greie ut:

- **Næringsføremål**

- Kartlegging av fortettingspotensialet på Håland.
- Greie ut korleis ein kan få til ei auka arealutnytting.
- Areal til biogassanlegg.

- **Bustadføremål**

- Kartleggje arealreserven til bustader.
- Greie ut korleis ein kan bidra til fortetting med kvalitet.

- **Offentleg/privat tenesteyting**

- Greie ut kva arealbehov kommunen sjølv har, både i eit kortare (12 år) og lengre perspektiv, og kva dette må innebære for arealdisponeringa i kommuneplanen sin arealdel.
- Greie ut kva kommunalt eigd areal eventuelt kan omdisponerast til bustadføremål, for deretter å kunne seljast. Dette gjeld både areal til helse- og velferd og

oppvekst, men til dømes også offentlege fri- og leikeareal.

- **Kartlegging av dispensasjonar**

- Kartleggje dispensasjonar som er gitt dei siste åra, og vurdere kva for ein, med rett føremål, kan verte innarbeidd i planen.

Denne lista er ikkje nødvendigvis uttømmende, og behov for andre utgreiingar kan oppstå i løpet av prosessen. Eventuelle nye areal som vert innarbeidd i planen vil også måtte gjennom ei eiga konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse.





Nasjonale føringar og forventningar

Når ein skal lage ein arealdel, er det ei rekkje føringar og lovkrav som skal følgjast. Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal mellom anna følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar.

Regjeringa peikar i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#), på desse fem temaa som særleg viktige:


[Samordning og samarbeid i planlegginga](#)

Regional og kommunal planlegging er fylkeskommunane og kommunane sitt viktigaste styringsverktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre. Regjeringa meiner det er viktig at det i samfunns- og arealplanlegginga blir lagt til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet.

[Trygge og inkluderande lokalsamfunn.](#)

Noreg er variert og mangfaldig, og dette mangfaldet er verdifullt. Regjeringa er opptatt av at fylkeskommunane og kommunane i planlegginga legg til rette for trygge og inkluderande


lokalsamfunn i heile landet. Eit sosialt berekraftig samfunn føreset at vi lukkast med å utvikle store og små byar, større og mindre tettstader og spreiddbygde strøk, slik at det er godt å bu, leve og arbeide der.





Berekraftig velferd og verdiskaping

Framtidas velferd og verdiskaping må utviklast innanfor ramma av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å leggje til rette for grøne næringar og overgangen til ein meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og bidra til omstilling i offentleg sektor. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar som landbruk, reindrift, fiskeri og reiseliv.



Figur 1 Kart som viser avrenningslinjer, Bryne

Klima, natur og miljø for framtid

Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald gir rammer for nasjonal politikk og er sentrale for at berekraftsmåla kan nåast. Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla er avhengig av at mange omsyn blir ivaretekne samtidig: Vi må oppretthalde intakte økosystem, ivareta naturmangfaldet, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrense og tilpasse oss klimaendringane, samtidig som vi sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønnsam næringsverksemd.

Samfunnssikkerhet og beredskap

Sikre og oversiktlege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at vi alle skal ha ein trygg kvardag. Fylkeskommunane og kommunane kan som planstyresmakter bidra til dette ved å leggje til rette for at ny utbygging er trygg mot naturfarar no og i framtidas klima, og mot ulykker og annan samfunnsrisiko. Dette blir best sikra gjennom tverrfagleg og heilskapleg arbeid med samfunns- og arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalyser og beredskapsplanar. Samfunnet er avhengig av at planlegginga sikrar areal for matproduksjon og bidrar til tilgang til reint og tilstrekkeleg drikkevatt, kraftforsyning og kommunikasjon. God beredskap er òg avhengig av at Forsvaret sine arealbehov blir ivaretekne.



I tillegg gjeld også ei lang rekke nasjonale retningslinjer og rettleiingar, lista er ikkje uttømmande:

- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag](#)
- [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima og energi](#)

Relevante regionale planer og føringer

Time kommune må også forholde seg til en rekke regionale planer. Det er flere aktuelle planer, men den mest aktuelle er regionalplanen for Jæren og Søre Ryfylke. Noen av de regionale planene kan sees nedenfor (listen er ikke uttømmende):

- [Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke](#)
- [Regionalplan for klimatilpasning](#)
- [Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#)
- [Regionalplan for vannforvaltning 2022-2027](#)
- [Regionalplan for kultur og idrett i Rogaland 2024-2036](#)
- Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035
- [Regionalplan for folkehelse \(2013-2017\)](#)





Medverking

I arbeidet med revidering av kommuneplanen vil det alltid oppstå motstridande interesser. Det betyr at ikkje alle kan få sine ynskjer og ambisjonar inn i den reviderte kommuneplanen. For å finne den mest optimale løysinga for alle partar er det derfor viktig med medverknad. Time kommune ynskjer å leggje til rette for at dei som bur og jobbar i kommunen skal bli tekne omsyn til i størst mogeleg grad. Kommuneplanen legg ramma for langsiktig utvikling og arealdisponering i kommunen og vil derfor vere relevant for svært mange menneske.

Kommunen har også eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Dette gjeld spesielt barn og unge, men også andre grupper og interesser som ikkje sjølv er i stand til å delta direkte.

Plan for medverking:

Kommunen sin plan for medverknad kan oppsummerast i tre punkt:

Ordinære lovpålagde høyringsperiodar

1. Før planprogrammet blir endeleg fastsett i kommunestyret, vil planprogrammet sendast på høyring og gjerast tilgjengeleg på heimesida. Det vil då vere mogeleg å kome med innspel til planprogrammet. Dette vil skje mai 2025 til juni 2025.

2. Planprogrammet vil bli behandla politisk i formannskapet i april 2025. Kort tid etter denne datoen vil formell oppstart av planen begynne. Det vil då vere mogeleg å kome med arealinnspel til og med juni 2025 til kommuneplanens arealdel. Dette vil bli varsla i avis og på kommunen si heimeside.
3. Etter at kommuneplanen er 1. gongs behandla av formannskapet, vil planen bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil i denne perioden vere mogeleg å kome med tilbakemeldingar, men det vil ikkje bli opna for nye arealinnspel.

Ikkje lovpålagd medverknad

Utover dei lovfesta krava til medverknad, ynskjer også Time kommune å leggje til rette for:

Opent folkemøte eller kontordag

Time kommune ynskjer å leggje til rette for minst ei anledning der folk flest kan kome innom for å få informasjon og/eller rettleiing med levering av arealinnspel. Dette vil skje i høyringsperioden der det er mogeleg å kome med innspel, innanfor tidsrommet mai-juni 2025.



Aktiv medverknad for utsette grupper

1. Time kommune skal i løpet av 2025 gjennomføre barnetråkk på alle barne- og ungdomsskulane i kommunen. I og med at dette skjer parallelt med oppstarten av kommuneplanrevisjonen, blir det sett på som hensiktsmessig at dette grunnlaget blir knytt opp mot planprosessen, og at kommuneplanens arealdel tek til seg aktuelle innspel som kjem fram i tråkket.
2. Senior- og brukarrådet og Ungdomsrådet vil bli involvert i prosessen.

Annan involvering

Arbeidet med kommuneplanrevisjonen vil bli leia av ei politisk styringsgruppe. Styringsgruppa vil vere den viktigaste arenaen for å inkludere politiske ynskjer og føringar i planarbeidet. Det er planlagt at styringsgruppa skal møte 3-6 gonger per år. I formannskapsvedtak 009/25 blei det vedteke at heile formannskapet skal fungere som styringsgruppe. Dette er grunnngjeve med at det er ynskjeleg med brei politisk involvering i dette viktige arbeidet. Utover dette vil det også bli opna for orienteringar i kommunestyret når styringsgruppa ser dette som hensiktsmessig.



Framdrift og fristar

Tabellen nedanfor viser viktige fristar for innspel og medverknad i kommuneplanrevisjonen. Oppstart av planarbeidet, høyringsperiode og offentlig ettersyn med fristar for når det blir opna for innspel eller tilbakemelding vil bli publisert i avis og på nett.

Framdriftsplan for revidering av kommuneplanen								
	K1, 25	K2, 25	K3, 25	K4, 25	K1, 26	K2, 26	K3, 26	K4, 26
Planprogram		1.gongs handsaming av planprogrammet 30.4.2025 - Høyring/offentleg ettersyn planprogram 5.5.2025 -20.06.20 - Open kontordag.	Fastsetting av planprogram i formannskapet 03.09.2025					
Innspel til revidering av planen		Moglegheit for å komme med innspel til sjølv planforslaget i perioden 5.5.2025 -20.06.20 + Kontordag.						
Revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel		Kartlegging og utgreiingar, utarbeiding av fagnotat.		Utarbeiding av plandokument		1.gongs handsaming	Justering basert på tilbakemeldingar	Endeleg vedtak KS
Høyringsperiode kommuneplanen						Høyring og offentlig ettersyn + folkemøte		